

# Etiske retningslinjer for Bremnes IL

*Styret har vedtatt dei etiske retningslinjer for alle i BIL. Alle med eit verv må lese gjennom og godta innhaldet i desse retningslinjene.*

**Alle med verv i idrettslaget skal lese og godta dei etiske retningslinjene ved å signere på skjemaet og levere til administrasjonen.**

1. Handsame alle med respekt, og avstå frå alle former for kommunikasjon, handling eller handsaming som kan opplevast som krenkande, både i det fysiske rom og på internett.
2. Unngå berøringar som kan opplevast som uønska.
3. Unngå alle former for verbal intimitet som kan opplevast som seksuelt lada.
4. Unngå uttrykk, vitsar og meiningar som omhandlar utøvarane sitt kjønn eller seksuelle orientering på ein negativ måte.
5. Skal jobbe for å ha minst ein i støtteapparatet av same kjønn som utøvarane.
6. Unngå kontakt med utøvarar i private rom utan at det er fleire til stades eller det er avtalt med føresette og styret. Med dette reknast og kontakt på internett og i sosiale medium som til dømes Snapchat, Messenger, Instagram, TikTok, med meir.
7. Vise respekt for utøvarane, trenarane og leiarane sine privatliv.
8. Unngå doble relasjonar. Om eit gjensidig forhold vert etablert, bør situasjonen takast opp og avklarast opent i miljøet.
9. Ikkje tilby noko form for motyting i hensikt å forlange eller forvente seksuelle tenester i retur.
10. Jobbe for at mobbing og rasisme ikkje førekomme i BIL. Eg skal ta tak i slike situasjonar med ein gong eg vert merksam på dei!
11. Gripe inn og varsle om eg opplever brot på desse retningslinjene.

12. Eg godkjenner at ved brudd på retningslinjene kan Bremnes Idrettslag informera andre idrettslag eg ynskjer å ta liknande verv i om bruddet.

Kjelder: <https://www.idrettsforbundet.no/tema/seksuell-trakassering-og-overgrep/retningslinjer/>

**Som del av støtteapparatet i klubben har eg ansvar for at retningslinjene vert gjort kjent og følgt i organisasjonen/idrettsmiljøet.**